



OPUS BERGEN AS  
Nordre Nøstekaiaen 1  
5011 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale til oppstartsmelding - Alver - 185/284 m fl - Lonena Aust - detaljregulering

Vi viser til brev mottatt her 16.08.21, med melding om oppstart av detaljregulering for Lonena Aust.

Hovudformål med planarbeidet er å legge til rette for konsentrerte bustadar, med tilhøyrande tilkomst, parkering og leikeområde innanfor utbyggingsområdet.

Vi forstår det slik at planforslaget i hovudsak er i samsvar med formåla i overordna plan. Vi legg til grunn at reguleringsplanen vil følge opp krava i områdeplanen.

### Natur og Friluftsliv

Lonena er eit område med store verdiar for både natur og friluftsliv. Det er viktig at reguleringsplanen utarbeidar gode løysingar for i størst mogleg grad å ivareta verdiane i området.

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

### Barn og unge og folkehelse

Når ein planlegg for konsentrerte bustader er det særleg viktig å ha fokus på eit godt bumiljø, med gode møteplassar for alle aldrar. Vi minner også om at barn skal ha areal i nærmiljøet der dei kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. For å få det til må ein ha tilstrekkeleg store areal som eignar seg for leik og opphald og som gir høve til ulike typar leik til ulike årstider. Areala må vidare kunne brukast av ulike aldersgrupper og gi høve for samhandling mellom barn, unge og vaksne. Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge, skal vera sikra mot forureining, støy, trafikkfare og annan helsefare.

Det er ei forventning i folkehelselova om at kommunane skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremme helse i befolkninga og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidingar. Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf.



folkehelselova § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging.

#### Medverknad

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

Statsforvaltaren minner elles om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Statsforvaltaren gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER